

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Helleland.

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Helleland.

Oppskr. av: Th. Hovland

Gard: Hovland.

(adresse): Helleland.

G.nr. 30 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Opskrive etter eiga röynsle.

SVAR

1. Berre plog - ikkje ard.

2 - 12. Fell burt.

13. Det brukas no berre moderne fabrikksmidde plogar.

Plogsmedar har det aldreg vore her i bygda. Men i fylket elles, særleg på Jæren, var det fleire plogsmedar. Det var ikring 1830- åra dei tok til med dette. Fyrst den tid var spaden det einaste jordbrytningsreidskap, som var ålement i bruk her i fylket. Men frå 1830- åra vart det ei vikteg gjennombrotstid meddi ein tok til å gå over frå spade til plog. Det vart først prøvd med nokre innførde plogar. Men det synte seg at dei ikkje passa noko vidare etter tilhöva her. Åkeren var på den tida endå svært full av stein, og mange stader var det små åkrar og brattlendt. Med dei innførde plogane som grunnmönster tok så nokre bygdesmedar til å laga nye typer av plogar, og desse syntet seg å vera mykje betre under tilhöva her. På den måten var det at dei sokalla "Jærplogar" eller "Grindaplogar" vart til. Prisen på desse plogane var 5 spd. Den seinste av desse heimasmidde plogane eg hugsar var arbeidt av ein smed Raugstad på Jærn, og desse plogane gjekk under nam-

av Raugstadplogar . Den var frå ikring 1880- åra. Den likna mest på fig.14 - men altså med grind i staden for styrestenger. Andre typer av desse gamle grindplogane hugsar eg ikkje. Raugstadplogen var heilt av jarn undan- teke åsen og grinda.

Det var ikring sisste århundreskifte at dei moderne fabrikksmidde plogane etterkvart kom i bruk.

14. Sjå under nr. 13.

15. Plogkaren hadde ei lita flat treskeid til å reinska plogfjöla, dei kalla ho moldskeiog ho stod i ei treslire på plogåsen.

16. Ein lagde plogen over på den sida veltefjöla er, når det var tomköyring.

17. Ikkje det eg hugsar.

18. Nei - det var berre ein plog.

19. Den seinste av dei gamle plogane eg minnest plyde ca. 4 - tumar. Djupdegonga vart regulert med ein stillbar slepesko under framre enden av åsen og med lengda på plogbantet. Slepeskoen kalla ein for "meien!"

20. Det var ristill på plogen, den kalla ein plogkniven.

21. Nei.

22. Nei. Skulde plogen köyras ett noko lengere stykke til ein kom til åkeren lesste ein han på ei kjerra eller sleda.

23. Falkensteinplogen kjennar eg ikkje til. Men eg har høyrt at den vart bruka litegrann på Jæren.

I uttalen her heiter det ar og plog. Ordet ar er hankjønn i bygdemålet.